# Notar

## Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Regnskapet er avlagt i henhold til god kommunal rekneskapsskikk, herunder kommunale rekneskapsstandardar (KRS) utgitt av Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS).

Kommunerekneskapen er finansielt orientert, og skal vise all tilgang på og bruk av midlar i året. Inntekter og utgifter skal tidsmessig plasserast i det året som følger av anordningsprinsippet. Anordningsprinsippet betyr at alle kjende utgifter og inntekter i løpet av året som gjeld kommunens verksemd skal gå fram av drifts- eller investeringsregnskapet i året enten dei er betalt eller ikkje. For lån er likevel berre den delen som er brukt i året ført i investeringsrekneskapen. Den delen som ikkje er brukt er registrert som memoriapost.

Vesentlege utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar som ikkje kan fastsetjast eksakt ved rekneskapsavslutninga, blir registrert med eit rundt rekna beløp i årsrekneskapen.

**Klassifisering av anleggsmidlar, omløpsmidlar og gjeld**

Anleggsmidlar er eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk i fylkeskommunen. Andre eigedelar er omløpsmidlar. Driftsmidlar blir ført som anleggsmidlar når anskaffingskost er minimum 100 000 kroner og har ei økonomisk levetid på minst 3 år.

Utgifter som påløp for å oppretthalde anleggsmiddelets relative standard utgiftsførast i driftsrekneskapen. Utgifter som representerer ei standardheving av anleggsmiddelet ut over standarden ved anskaffinga utgiftsførast i investeringsrekneskapen og aktiverast på anleggsmiddelet i balansen. Alle nye anlegg, både fylkesvegar, tunellar og bruer og skolebygg utgiftsførast i investeringsrekneskapen og aktiverast som anleggsmiddel i balansen. Større rehabiliteringar som får anleggsmiddelet eller vesentlige delar av dette til å framstå som heilheitleg nytt, og gir ei auke i forventa utnyttbar levetid, utgiftsførast i investeringsrekneskapen og aktiverast på anleggsmiddelet i balansen, sjølv om rehabiliteringa kan innehalde element av vedlikehald. Løpande reparasjons- og vedlikehaldsutgifter som ikkje gir antatt auke i verdien eller levetida på anleggsmiddelet utgiftsførast i driftsrekneskapen. Enkelte utgifter ligg i grenseland mellom investering og drift og det gjerast da ei konkret vurdering for den aktuelle utgifta. Ei forventa auke i anleggsmiddelets levetid kan da være avgjerande for vurderinga.

Fordringar knytt til eigen vare- og tenesteproduksjon og marknadsbaserte verdipapir som inngår i ei handelsportefølje er omløpsmidlar. Aksjar og andelar i bedrifter som fylkeskommunen har ei spesiell interesse av å engasjere seg i er klassifisert som anleggsmidlar.

Langsiktig gjeld er lån i samsvar med §14-14 i kommunelova med unntak av eventuell likviditetstrekkrett/likviditetslån, jf. kl § 14-15 3. ledd. All anna gjeld er kortsiktig gjeld. Neste års avdrag på utlån inngår i anleggsmidlar og neste års avdrag på innlån inngår i langsiktig gjeld.

**Anskaffingskost**

Alle eksterne utgifter som er ei direkte konsekvens av anskaffinga blir behandla som ein del av kostprisen. Interne utgifter til løn som er direkte relatert til det aktuelle prosjektet inngår i kostprisen. Løn er belasta med ei kalkulatorisk timesats som inkluderar sosiale kostnadar og indirekte kostnadar som husleige mm. Ved lånefinansiering av investeringar er renteutgifter lagt til anskaffingskost i samsvar med anbefalt løysing i KRS nr. 2. for store vegprosjekt (byggjelånsrente). Store vegprosjekt er definert som nye veglenker med budsjettert anskaffingskost på meir enn 1 mrd. kroner. For tida gjeld dette kun for Nordøyveg-prosjektet. Renteutgifta er fastsett som fylkeskommunens gjennomsnittlege lånerente multiplisert med lånefinansiert andel av samla investeringsutgifter, tatt hensyn til prosjektets framdrift. Renteutgifta er utgiftsført i investeringsrekneskapen og aktivert som ein del av anskaffingskost på anleggsmiddelet. Øvrige byggjelånsrenter inngår ikkje og førast som ordinære renter i driftsrekneskapen.

**Vurderingsreglar**

Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar er vurdert til verkeleg verdi. Andre omløpsmidlar er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Utestående fordringar er vurdert til pålydande med frådrag for venta tap.

Anleggsmidlar er vurdert til brutto anskaffingskost. Ved varig verdifall som antas å ikkje være forbigåande blir det gjort ei nedskriving til verkeleg verdi.

**Avskrivingar**

Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid blir avskrivne med like store årlege beløp over levetida til eigedelen. Avskriving startar året etter aktivering, uansett om anleggsmiddelet er tatt i bruk eller ikkje. Avskrivingsperiodane følgjer i utgangspunktet $ 3-4 i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsmelding for kommuner og fylkeskommuner, men i særskilte tilfelle, der levetida på anlegget er lågare enn normal avskrivingstid, settes avskrivingstid til forventa levetid.

| **Normal avskrivingstid:** | |
|---|---|
| It-utstyr, kontormaskinar ol. | 5 år |
| Inventar og utstyr, transportmiddel, maskiner ol. | 10 år |
| Større nyttekjøretøy, anleggsmaskinar mv. | 20 år |
| Skolar, vegar, bustader ol. | 40 år |
| Adm.bygg, kulturbygg, forretningsbygg ol. | 50 år |

**Mva-plikt og mva-kompensasjon**

Delar av tenesteområda, til dømes bruttoavtalar med trafikkselskap om levering av kollektiv transport og tannhelsetenester til vaksne mot betaling, kjem inn under mva-lova. For den øvrige verksemda får fylkeskommunen mva-kompensasjon.

**Fleirårlege tilskot til andres investeringar**

Fleirårlege tilskot til å dekke renter og avdrag på lån til finansiering av andres investeringar blir ført i driftsrekneskapen det enkelte år tilskota blir utbetalt.

**Endra rekneskapsprinsipp**

Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen blir ført direkte mot eigen konto under eigenkapitalen.

## Organisering av fylkeskommunens verksemd

Fylkeskommunen er underlagt politisk styring med fylkestinget som øvste organ og fylkesordførar som øvste leiar. Fylkeskommunedirektøren er administrasjonssjef og leier dei administrative einingane i fylkeskommunen.

Fylkeskommunen er delt inn i fire linjeavdelingar (kompetanse og næring, samferdsel, kultur og tannhelse) og fire stabsavdelingar (stab for strategi og styring, stab for organisasjon og tenesteutvikling, stab for juridiske og administrative tenester og bygg- og eigedomstenester).

Møre og Romsdal fylkeskommune driv 22 vidaregåande skuler, 1 fagskule og 33 tannhelseklinikkar.

Den samla verksemda til fylkeskommunen er i hovudsak organisert innanfor fylkeskommunens ordinære organisasjon. Fylkeskommunen har ikkje oppretta eigne fylkeskommunale føretak (FKF).

**Heileigde aksjeselskap og interkommunale selskap fylkeskommunen er medeigar i:**

| Selskap, forretningsadresse | Eigardel |
|---|---|
| AS Kirkegaten 1A, Kristiansund | 100,0 % |
| Møre og Romsdal Utvikling AS, Kristiansund | 100,0 % |
| Ocean Industry School AS, Ålesund | 100,0 % |
| Trafikkterminalen Kristiansund AS, Kristiansund | 100,0 % |
| GassROR IKS, Aukra | 11,1 % |
| IKA Møre og Romsdal IKS, Ålesund | 17,1 % |
| VIGO IKS, Skien | 5,3 % |

Møre og Romsdal fylkeskommune har fire heileigde aksjeselskap. AS Kirkegaten 1A i Ålesund ble kjøpt i 2017 med formål om å sikre tenleg areal for mogleg vidareutvikling av bygget til museumsføremål. Kulturkvartalet driv i dag museum i bygget. Møre og Romsdal Utvikling AS er etablert med føremål å leggje Stiftelsen til rette for samfunnsmessige utviklingsprosjekt. Ocean Industry School AS er etablert for å auke elevanes kunnskap om, og interesse for, de arbeids- og karrieremulegheitar som finns i dei havbaserte næringane. Trafikkterminalen Kristiansund AS har til føremål å drifte persontrafikkterminal i byen.

Møre og Romsdal fylkeskommune er medeigar i tre interkommunale selskap. GassROR IKS har til formål å medverke til utvikling av fysisk infrastruktur og tilrettelegging for næringsutvikling i regionen. IKA Møre og Romsdal IKS er eit interkommunalt selskap eigd av alle kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemane blir teke vare på og gjort tilgjengeleg til ulike formål og har forretningsadresse Ålesund. Eigardelane blir justert kvart fjerde år på grunnlag av folketal, og fylkeskommunen sin eigardel er no 17,1%. VIGO IKS vart stifta i 2012 for å oppnå gode, enkle og framtidsretta IKT-system for eigarar og brukarar.

*Samarbeid med andre:*

Møre og Romsdal deltar saman med alle fylkeskommunane utanom Oslo i samarbeidet Nasjonal digital læringsarena NDLA. Hordaland fylkeskommune er kontorkommune.

**Kollektiv transport**

Møre og Romsdal fylkeskommune har inngått avtalar med private trafikkselskap om levering av kollektiv transport, skoleskyss og TT-tenester. Fylkeskommunen har i all hovudsak bruttokontraktar, det inneber at fylkeskommunen har ansvar for inntektssida.

**Sammanlikningstal**

Rekneskapen for 2020 og 2021 er satt opp etter same prinsipp og same obligatoriske oppstillingar. Det har vært nokre få justeringar i oppstillingsplanane i 2021 på bakgrunn av forskriftsenddringar. Der det er aktuelt er tala for 2020 omarbeidd og satt opp med samanliknbare tal med 2021.

Balansepost knytt til kap. 2.11 er i rekneskapen for 2021 splitta i to linjer, "Obligasjonar" og "Obligasjonar med flytande rente (FRN)", medan kapittelet i rekneskapen for 2020 var samla i ei linje. Tala for 2020 er omarbeidd tilsvarande.

## Note 1 Endring i arbeidskapital

(i 1000 kr.)

| Balanserekneskapet : | 31.12. | 01.01. | Endring |
|---|---|---|---|
| 2.1 Omløpsmidlar | 3 113 386 | 2 626 528 | |
| 2.3 Kortsiktig gjeld | 1 516 061 | 1 343 964 | |
| **Arbeidskapital** | **1 597 325** | **1 282 564** | **314 761** |

| Balanserekneskapet : | 31.12. | 01.01. | Endring |
|---|---|---|---|
| **Drifts- og investeringsrekneskapet :** | | | **Beløp** |
| **Driftsregnskapet** | | | |
| Sum driftsutgifter | | | 6 031 595 |
| Sum driftsinntekter | | | 6 768 736 |
| Netto finansutgifter | | | 320 801 |
| **Netto driftsresultat** | | | **416 339** |
| **Investeringsrekneskapet** | | | |
| Sum investeringsutgifter | | | 2 118 243 |
| Sum investeringsinntekter | | | 1 899 568 |
| Netto utgifter videreutlån | | | |
| **Netto utgifter i investeringsrekneskapet** | | | **- 218 675** |
| **Netto tilgang/bruk i drifts- og investeringsrekneskapet** | | | **197 664** |
| Endring ubrukte lånemidlar (auke +/reduksjon-) | | | 117 097 |
| Endring i rekneskapsprinsipp ført direkte mot eigenkapital | | | |
| **Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsrekneskapet** | | | **314 761** |
| **Differanse** | | | **0** |

## Note 2 Kapitalkonto

(i 1000 kr.)

| Saldo 01.01. | 4 670 932 |
|---|---|
| **Auke av kapitalkonto (kreditposteringar)** | |
| Aktivering av fast eigedom og anlegg | 2 097 626 |
| Reversert nedskriving av fast eigedom og anlegg | |
| Aktivering av utstyr, maskinar og transportmidlar | |
| Kjøp av aksjar og andelar | 15 000 |
| Reversert nedskriving av aksjar og andelar | |
| Utlån | 430 |
| Aktivert eigenkapitalinnskot pensjonskasse | 1 586 |
| Avdrag på eksterne lån | 278 600 |
| Auke pensjonsmidlar | |
| Reduksjon pensjonsforpliktingar | 325 225 |
| Nedskrive lån | |
| **Reduksjon av kapitalkonto (debetposteringar)** | |
| Avgang fast eigedom og anlegg | 297 |
| Av- og nedskriving av fast eigedom og anlegg | 419 168 |

| **Saldo 01.01.** | **4 670 932** |
|---|---|
| Avgang utstyr, maskinar og transportmidlar | |
| Av- og nedskriving av utstyr, mask. og transportm. | |
| Avgang aksjar og andelar | 2 450 |
| Nedskriving av aksjar og andelar | 5 000 |
| Avdrag på utlån | 10 000 |
| Avskriving utlån | |
| Reduksjon eigenkapitalinnskot pensjonskasse | |
| Bruk av midlar frå eksterne lån | 1 283 903 |
| Reduksjon pensjonsmidlar | 376 222 |
| Auke pensjonsforpliktingar | |
| Urealisert kurstap utenlandslån | |
| **Saldo 31.12.** | **5 292 359** |

## Note 3 Vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat og vesentlege korrigeringar av tidlegare års feil

**Konto for endring av rekneskapsprinsipp**

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp førast mot eigne eigenkapitalkontoar for endring av rekneskapsprinsipp. Positiv saldo på desse kontoane kan ikkje disponerast og negativ saldo skal ikkje dekkast inn. Det har ikkje vært endringar i rekneskapsprinsipp i 2021.

**Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen:**

(i 1000 kr.)

| | **2021** | **2020** | **2019** |
|---|---|---|---|
| Rest feriepengar 1992 | 58 585 | 58 585 | 58 585 |
| **Investeringsdel** | **58 585** | **58 585** | **58 585** |
| Varelagre (sjukehus, apotek) | 25 086 | 25 086 | 25 086 |
| Renter påløpt 2000, betalt i 2001 | 20 661 | 20 661 | 20 661 |
| Mva-kompensasjon for 1999 | -12 845 | -12 845 | -12 845 |
| Lærlingetilskot hausten 2001 | 8 045 | 8 045 | 8 045 |
| **Driftsdel** | **40 947** | **40 947** | **40 947** |

## Note 4 Varige driftsmidlar

(i 1000 kr.)

| | **IT-utstyr, kontor-maskinar** | **Anleggs-maskinar mv.** | **Boliger, skoler, veier** | **Veg** | **Adm-bygg mv.** | **Tomte-områder** | **SUM** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffingskost 01.01.2021 | 150 699 | 375 334 | 3 554 004 | 10 696 762 | 46 782 | 4 870 | 14 828 451 |
| Akk avskrivingar 1.1 | -106 997 | -166 683 | -1 066 754 | -2 103 744 | -16 564 | | -3 460 742 |

| | IT-utstyr, kontor-maskinar | Anleggs-maskinar mv. | Boliger, skoler, veier | Veg | Adm-bygg mv. | Tomte-områder | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto akk. og rev. Nedskrivingar 1.1 | | -126 | -874 | -35 310 | | | -36 310 |
| **Bokført verdi pr 1.1.2021** | **43 702** | **208 525** | **2 486 376** | **8 557 708** | **30 218** | **4 870** | **11 331 399** |
| Årets tilgang | 16 183 | 33 443 | 41 179 | 2 003 760 | | 3 060 | 2 097 625 |
| Årets avgang | | -297 | | | | | -297 |
| Årets avskrivninger | -14 757 | -33 889 | -87 561 | -282 022 | -939 | | -419 168 |
| Årets nedskrivninger | | | | | | | 0 |
| Reverseringer av nedskrivninger | | | | | | | 0 |
| **Bokført verdi pr. 31.12.2021** | **45 128** | **207 782** | **2 439 994** | **10 279 446** | **29 279** | **7 930** | **13 009 559** |
| Tap ved sal av anleggsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gevinst ved sal av anleggsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utnyttbar levetid, inntil | 5 år | 10 år | 40 år | 40 år | 50 år | | |
| Avskrivingsplan | Lineær | Lineær | Lineær | Lineær | Lineær | Ingen avskr. | |

**Løn til eigne tilsette**

Løn til eigne tilsette er belasta investeringsprosjekt og aktivert med 63,2 mill. kroner (60,5 mill. kroner i 2020).

**Byggjelånsrenter**

For Nordøyvegprosjektet er det aktivert byggjelånsrenter med 31,6 mill. kroner (17,6 mill. kroner i 2020). Øvrige investeringar er ikkje belasta med byggjelånsrenter. Det visast til rekneskapsprinsippa.

**Nedskrivingar**

Det er ikkje gjennomført nedskrivingar i 2021.

**Vederlagsfri overtaking av vegprosjekt**

I forbindelse med vederlagsfri overtaking av eit vegprosjekt forskotert og utført av andre er det i 2021 utgiftsført i investeringsrekneskapen og aktivert følgjande:

| | (i 1000 kr.) |
|---|---|
| Skulevegen Giske | 23 650 |
| **Totalt** | **23 650** |

Tilsvarande beløp er ført som inntekt under "Overføringar" i investeringsrekneskapen.

I rekneskapen for 2020 blei det inntektsført eit beløp på 21 mill kroner som vederlagsfri overtaking av vegprosjekt. Dette var ein inkurie, dette skulle vert satt opp som ei forskottering som skulle tilbakebetalast. Dette er det korrigert for i rekneskapen for 2021, og inntektsposten "Tilskot frå andre" i bevilgingsoversikt investering er redusert tilsvarande.

# Note 5 Aksjar og andelar i varig eige

Aksjar og andelar som er bestemt til varig eige og er næringspolitisk eller samfunnsmessig motivert blir klassifisert som anleggsmidlar.

(i 1000 kr.)

| Selskapets namn | Eigarandel i selskapet | Balanseført verdi 31.12.2021 | Balanseført verdi 01.01.2021 | Opphaveleg kostpris |
|---|---|---|---|---|
| AS Kirkegaten 1 A (917623716) | 100,0 % | 15 897 | 15 897 | 15 897 |
| Møre og Romsdal Utvikling AS (996345084) | 100,0 % | 107 | 107 | 107 |
| Ocean Industry School AS (889280662) | 100,0 % | 100 | 100 | 100 |
| Trafikkterminalen i Kristiansund AS (981320018) | 100,0 % | 10 756 | 10 756 | 10 756 |
| GassROR IKS (989633902) | 16,7 % | 200 | 200 | 200 |
| Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (982330459) | 17,1 % | | | |
| Vigo IKS (998283914) | 5,6 % | | | |
| KLP Eigenkapitalinnskot (938708606) | | 52 998 | 51 412 | 52 998 |
| Akvainvest Møre og Romsdal AS (991498281) | 1,2 % | 104 | 104 | 104 |
| AS Regionteateret i Møre og Romsdal (930569046) | 44,0 % | 264 | 264 | 264 |
| Astero AS (919635657) | 31,0 % | 370 | 370 | 370 |
| Atlanterhavstunnelen AS (953633930) | | | 2 050 | 0 |
| Braatthallen AS (968018590) | 30,0 % | 30 | 30 | 30 |
| Brisk AS (925996432) | 31,3 % | 150 | 150 | 150 |
| Bølgen Invest AS (986606890) | 5,0 % | 1 900 | 1 900 | 4 500 |
| Festspillene i Kristiansund AS (820693922) | 25,0 % | 300 | 300 | 300 |
| Fjord Norge AS (966091118) | 8,9 % | 370 | 370 | 370 |
| Fosnaporten AS (983825281) | 10,0 % | 20 | 20 | 20 |
| Furene Holding AS (926080377) | 10,6 % | 30 | 30 | 30 |
| Fylkeshuset AS (930591114) | 51,0 % | 51 | 51 | 51 |
| Geitbåt Eiendom AS (915726879) | 41,3 % | | | 6 200 |
| Halsafjordsambandet AS (996199665) | 12,4 % | | | 263 |
| Hareid Fastlandssamband AS (939743863) | 4,0 % | | | 300 |
| Helseinnovasjonssenteret AS (923766553) | 18,2 % | 150 | 150 | 150 |
| Høgskolesenteret i Kristiansund AS (991237313) | 18,2 % | 22 | 22 | 22 |
| Imarfinans AS (977237432) | 12,5 % | 13 | 13 | 13 |
| Innovasjon Norge - innskotskapital (986399445) | 2,6 % | 505 | 505 | 505 |
| Kommunekraft AS (866818452) | 0,3 % | 1 | 1 | 1 |
| Langfjordforbindelsen AS (886281692) | 22,0 % | | | 2 331 |
| Molde Lufthavnutvikling AS (985615462) | 1,3 % | 240 | 240 | 240 |
| Muritunet AS (961721652) | 22,3 % | 3 200 | 3 200 | 3 200 |
| Møbelkraft AS (913581628) | 38,0 % | | | 2 000 |

| **Selskapets namn** | **Eigarandel i selskapet** | **Balanseført verdi 31.12.2021** | **Balanseført verdi 01.01.2021** | **Opphaveleg kostpris** |
|---|---|---|---|---|
| Møre og Romsdal Revisjon SA (923746552) | 20,1 % | 700 | 700 | 700 |
| Møreaksen AS (942390742) | 20,3 % | | | 1 500 |
| Møreforsking AS (991436502) | 47,5 % | 5 200 | 5 200 | 5 200 |
| Nasjonalt Vindenergisenter Smøla AS (996153185) | 33,3 % | 500 | 500 | 500 |
| Nordic Light Event AS (989685414) | 36,4 % | 172 | 172 | 1 650 |
| Norsk Fjordsenter AS (967715328) | 41,4 % | 2 390 | 2 390 | 5 700 |
| Norsk Tindesenter Eiendom AS (992524685) | 34,5 % | 10 100 | 10 100 | 10 100 |
| OMKK Eiendom AS ()925174475) | 41,7 % | 12 500 | 12 500 | 12 500 |
| Operaen i Kristiansund AS (963886705) | 29,4 % | 820 | 820 | 820 |
| Protomore Kunnskapspark AS (981036093) | 4,8 % | 700 | 700 | 700 |
| Riss Testlab AS (976778200) | 28,2 % | 200 | 200 | 200 |
| Rovdefjordsambandet AS (996605949) | 4,3 % | 250 | 250 | 250 |
| Runde Miljøbygg AS (989736027) | 25,9 % | 2 349 | 2 349 | 3 900 |
| Runde Miljøsenter AS (987410752) | 20,0 % | 400 | 800 | 400 |
| Samspleis AS (887493952) | 14,1 % | 500 | 500 | 500 |
| Svorka Holding AS (923819126) | 25,0 % | 10 325 | 325 | 10 325 |
| The North West AS (919549904) | 20,6 % | 262 | 262 | 1 300 |
| Tingvoll Økopark Eiendom AS (916176678) | 43,1 % | 4 026 | 4 026 | 7 500 |
| Tjeldbergodden Utvikling AS (979615361) | 3,9 % | 500 | 500 | 500 |
| Todalsfjordprosjektet AS (946532347) | 59,6 % | | | 5 000 |
| Trollheim AS (991323848) | 37,7 % | 100 | 100 | 100 |
| Varde Arbeid og Inkludering AS (926427563) | 19,7 % | 270 | 270 | 270 |
| Vegamot AS (935162718) | 33,3 % | 1 050 | 1 050 | 1 050 |
| ÅKP AS (tidl. Ålesund Kunnskapspark AS) (981575679) | 2,4 % | 200 | 200 | 200 |
| ÅKP Blue Innovation Arena AS (912190641) | 19,2 % | 1 246 | 1 246 | 2 000 |
| Diverse andelar | | 87 | 87 | 87 |
| Sum | | 142 625 | 133 488 | 176 425 |

**Kommentarar:**

Der bokført verdi avvik frå opphaveleg kostpris er det gjort ei nedskriving av verdien som følgje av verdinedgang som ikkje er forventa å være forbigåande.

I 2021 er det gjennomført nedskriving av aksjeposten Todalsfjordprosjektet AS. Aksjane er skrive ned i sin heilheit med 5 mill. kroner, da selskapet antas å ikkje ha ein reell salsverdi.

Det visast for øvrig til note 14 om sal av aksjar og andelar i året.

## Note 6 Utlån

(i 1000 kr.)

| Utlån finansiert med eigne midlar | Utestående 31.12. | Utestående 01.01. | |
|---|---|---|---|
| AS Svorka | | 10 000 | 1) |
| Møre og Romsdal Såkornfond AS | 39 568 | 39 138 | 2) |
| **Sum eigenfinansierte utlån** | **39 568** | **49 138** | |

1) I samband med ei omorganisering av AS Svorka er utlån gjort opp. Utlånet er nytta som aksjeinnskot i Svorka Holding AS, etter ei delvis verksemdsoverdraging frå AS Svorka til Svorka Holding AS, kor gjelda til fylkeskommunen var ein del av overdraginga.

2) Opptente renter av utlån til Møre og Romsdal Såkornfond AS, 0,5 mill. kroner er i samsvar med inngått avtale lagt til hovudstolen og ført som utlån. Restsaldo forfaller i sin heilheit i 2022.

## Note 7 Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar og derivater

(i 1000 kr.)

| Aktivaklasse | Finans-forvaltnings-reglement | Anskaffings-kost | Balanseført verdi 31.12. | Balanseført verdi 01.01. | Resultatført verdiendring | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Aksjefond | Pkt. 2c | 19 435 | 42 447 | 39 089 | 6 793 | |
| Pengemarknadsfond | Pkt. 2a og 2c | 204 400 | 218 729 | 213 459 | 1 296 | * |
| Obligasjonar | Pkt. 2c | 17 352 | 17 142 | 17 292 | - 380 | |
| **Totalt** | | **241 187** | **278 318** | **269 840** | **7 709** | |

* Pengemarknadsfond inkluderar sertifikat og obligasjoner/rentepapirar med flytande rente.

Marknadsbaserte verdipapir (m.a. sertifikat/pengemarknadsfond, obligasjonar og aksjar) er klassifisert som omløpsmiddel og vurdert til verkeleg verdi. Verkeleg verdi er fastsett til marknadsverdi pr. 31.12 i rekneskapsåret.

## Note 8 Rentesikring

Renteutgiftene på kommunens lånegjeld sikrast i samsvar med gjeldande reglement for finans og gjeldsforvaltning.

**Langsiktig gjeld med fast rente**

I henhold til Finansreglement for Møre og Romsdal fylkeskommune, pkt. 2.b.5. skal til ein kvar tid vere minst 30% av fylkeskommunens innlån (inklusive lån sikra med FRA’er og SWAP’er) vere til fast rente (dvs. rentebinding lenger enn 12 månadar). Lån med fast rente utgjer pr. 31.12.2021 49% av den totale låneporteføljа. Ei spesifisert oversikt over lån med rentesatsar og bindingstid vil vere tilgjengeleg i Finansrapport for 2021.

**Rentebytteavtalar**

Fylkeskommunen har ikkje rentebytteavtalar på sine lån.

## Note 9 Langsiktig gjeld

(i 1000 kr.)

| Lånesaldo 31.12.2021 | Fylkes-kommune-kassa | Gj.snittlig løpetid (år) | Gj.snittlig rente |
|---|---|---|---|
| Lån til eigne investeringar | 8 037 548 | 3,8 | 1,59 % |

| Lånesaldo 31.12.2021 | Fylkes-kommune-kassa | Gj.snittlig løpetid (år) | Gj.snittlig rente |
|---|---|---|---|
| Lån til eigne investeringar - forskotteringar | 83 097 | | 0,00 % |
| Lån til andres investeringar | | | |
| Lån til innfrielse av kausjonar | | | |
| Lån til vidareutlån | | | |
| **Sum bokført langsiktig gjeld** | **8 120 645** | | |
| Herav finansielle leigeavtalar | 0 | | |
| Lån som forfaller i 2022* | 1 717 000 | | |
| Herav lån som må refinansierast * | 1 717 000 | | |

| Fordeling av langsiktig gjeld etter rentebetingelsar | Langs. gjeld 31.12.2021 |
|---|---|
| Langsiktig gjeld med fast rente : | 3 938 399 |
| Langsiktig gjeld med flytande rente : | 4 099 149 |
| Langsiktig gjeld uten rente (forskotteringar) : | 83 097 |
| **Sum** | **8 120 645** |

* Lån som forfaller i 2022 tilsvarar sertifikatlån, som alle må refinansierast.

Andre lån er ført opp under Langsiktig gjeld i balansen med totalt 137,097 mill. kroner. Dette gjeld forskotteringar frå kommunar og andre, samt lån frå private. Tilbakebetaling av forskotteringar skjer etter vedtak i fylkesting, normalt innan 10 år.

## Note 10 Avdrag på lån

**Avdrag på lån til investeringar i varige driftsmidlar**

Fylkeskommunen skal betale årlege avdrag som samla skal være minst lik størrelsen på fylkeskommunens avskrivingar i rekneskapsåret, justert for forholdet mellom størrelsen på lånegjelda og størrelsen på fylkeskommunens avskrivbare anleggsmidlar.

Berekninga gjerast ved hjelp av følgande formel:

"Sum årets avskrivingar x Lånegjeld pr. 1.1 i rekneskapsåret" delt på "Bokførte avskrivbare anleggsmidlar pr. 1.1 i rekneskapsåret".

(i 1000 kr.)

| Forholdet mellom betalte avdrag og minimumsavdrag | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Sum avskrivingar i året | 419 168 | 348 749 |
| Sum lånegjeld pr 1.1. | 6 998 245 | 5 750 579 |
| Avskrivbare anleggsmidlar pr. 1.1 | 11 331 399 | 9 586 816 |
| **Berekna minimumsavdrag** | **258 877** | **209 195** |
| Utgiftsførte avdrag i driftsrekneskapen | 278 600 | 229 590 |
| **Avvik** | **- 19 723** | **- 20 395** |

Tilbakebetaling av forskottering til Imarfinans AS er ført som avdrag, og kjem i tillegg til ordinære minimumsavdrag. Fylkeskommunen mottar fergeavløysingsmidlar for Imarsundsambandet gjennom rammetilskot, som dekker dette

avdraget. Det er i 2021 betalt 19,573 mill. kroner.

## Note 11 Pensjonsforpliktingar

**Generelt om pensjonsordningane i fylkeskommunen**

Fylkeskommunen har kollektive pensjonsordningar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) som sikrar ytelsesbasert pensjon for dei tilsette.

Pensjonsordninga omfattar alders-, uføre-, ektefelle-, barnepensjon samt AFP/tidlegpensjon og sikrar alders- og uførepensjon med samla pensjonsnivå på 66% saman med folketrygden. Pensjonane samordnast med utbetaling frå NAV.

**Premiefond**

Premiefondet er eit fond for tilbakeført premie og overskudd. Eventuelle midlar på premiefondet kan bare brukast til framtidig premiebetaling. Premiefondet går fram ikkje av rekneskapen, men bruk av fondet reduserer faktisk betalte pensjonspremiar.

(i 1000 kr.)

| | 2021 | 2020 |
|---|---:|---:|
| Innestående på premiefond 01.01. | 123 456 | 116 886 |
| Tilført premiefondet i løpet av året | 64 535 | 16 570 |
| Bruk av premiefondet i løpet av året | 20 000 | 10 000 |
| **Innestående på premiefond 31.12.** | **167 991** | **123 456** |

**Rekneskapsføring av pensjon**

Etter § 3-5 og § 3-6 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnadar som er berekna ut frå langsiktige forutsetningar om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadane bereknast på ein anna måte enn pensjonspremien som betalast til pensjonsordninga, og det vil derfor normalt være forskjell mellom desse to størrelsane. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad betegnes premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavviket tilbakeføres igjen neste år.

Rekneskapsføringa av pensjon inneberer eit unntak frå dei grunnleggande prinsippa for kommunerekneskapen om at alle kjende utgifter og inntekter i året skal tas med i årsrekneskapen for vedkommande år (kl § 14-6, 2. ledd nr c). Rekneskapsføringa av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innverknad på netto driftsresultat i 2021 ved at rekneskapsførte pensjonsutgifter er 69,169 lågare enn faktisk betalte pensjonspremiar.

Bestemmelsane inneber også at berekna pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er oppført i balansen som henholdsvis anleggsmidlar og langsiktig gjeld.

| Økonomiske forutsetningar for berekning av pensjonskostnaden | KLP | SPK |
|---|---:|---:|
| Forventa avkastning pensjonsmidlar | 3,50 % | 3,00 % |
| Diskonteringsrente | 3,00 % | 3,00 % |
| Forventa årleg lønnsvekst | 1,98 % | 1,98 % |
| Forventa årleg pensjonsregulering | 1,22 % | 1,98 % |
| Forventa årleg G-regulering | 1,98 % | 1,98 % |

**Spesifikasjon av samla pensjonskostnad, premieavvik, pensjonsforpliktingar og estimatavvik**

(i 1000 kr.)

| | Pensjonskostnad og premieavvik | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| | Årets pensjonsopptening, noverdi | 161 186 | 147 851 |
| | Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting | 77 738 | 101 424 |
| | Forventa avkastning på pensjonsmidlane | - 84 133 | - 109 319 |
| | Administrasjonskostnad | 6 399 | 6 822 |
| **A** | **Berekna netto pensjonskostnad (inkl. adm)** | **161 190** | **146 778** |
| B | Forfalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader) | 223 436 | 169 458 |
| **C** | **Årets premieavvik (B-A)** | **62 246** | **22 680** |

| | Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsrekneskapet | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| B | Forfalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader) | 223 436 | 169 458 |
| C | Årets premieavvik | -62 246 | -22 680 |
| D | Amortisering av tidlegare års premieavvik | 22 680 | 54 876 |
| **E** | **Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (SUM B:D)** | **183 870** | **201 654** |
| G | Pensjonstrekk tilsette | 29 603 | 28 035 |
| | **Årets rekneskapsførte pensjonsutgift (F-G)** | **154 267** | **173 619** |

| Akkumulert premieavvik | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Sum gjenståande premieavvik tidlegare år (pr. 01.01.) | 22 680 | 54 876 |
| Årets premieavvik | 62 246 | 22 680 |
| Sum amortisert premieavvik dette året | - 22 680 | - 54 876 |
| **Akkumulert premieavvik pr. 31.12** | **62 246** | **22 680** |
| Arbeidsgjevaravgift av akkumulert premieavvik | 8 496 | 3 082 |
| **Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.g.avgift** | **70 742** | **25 762** |

| Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Brutto pensjonsforplikting pr. 01.01 | 3 046 038 | 3 323 508 |
| Estimatavvik (ført direkte mot eigenkapitalen) | -499 098 | -458 534 |
| Virkning av planendringar (ført direkte mot eigenkapitalen) | | |
| Årets pensjonsopptening | 161 186 | 147 851 |
| Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting | 77 738 | 101 424 |
| Utbetalingar | -71 182 | -68 212 |
| **Brutto pensjonsforplikting pr. 31.12** | **2 714 682** | **3 046 038** |
| Brutto pensjonsmidlar pr. 01.01 | 3 034 658 | 3 050 869 |
| Estimatavvik (ført direkte mot eigenkapitalen) | -606 211 | -219 955 |
| Virkninga av planendringar (ført direkte mot eigenkapitalen) | | |
| Innbetalt pensjonspremie (inkl. adm) | 223 436 | 169 458 |
| Administrasjonskostnad/rentegaranti | -6 399 | -6 822 |
| Utbetalingar | -71 182 | - 68 212 |
| Forventa avkastning | 84 133 | 109 319 |

| Pensjonskostnad og premieavvik | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| **Brutto pensjonsmidlar pr. 31.12** | **2 658 436** | **3 034 658** |
| **Netto pensjonsforplikting pr. 31.12.** | **56 247** | **11 380** |
| Arbeidsgjevaravgift av netto pensjonsforplikting | 7 677 | 1 546 |

## Note 12 Fylkeskommunens garantiansvar

(i 1000 kr.)

| Gitt overfor - namn | Formål | Type garanti | Garantiramme | Garanti-ansvar pr. 31.12.21 | Opphaveleg garanti-ansvar | Utløp dato | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Imarfinans AS (T-81/03) (T-46/09) | Veg | Sjølvskyldnargaranti | 290 400 | 8 069 | 222 000 | 2022 | 1) |
| Samspleis AS (T-67/06) | Veg | Sjølvskyldnargaranti | 143 000 | 22 005 | 116 000 | 2032 | |
| AS Regionteatret i M&R (T-28/10) | Bygg | Sjølvskyldnargaranti | 82 500 | 28 905 | 32 760 | 2051 | 2) |
| AS Regionteatret i M&R (T-28/10) | Bygg | Sjølvskyldnargaranti | | 10 959 | 21 840 | 2027 | 2) |
| Muritunet AS (T-84/11) | Bygg | Sjølvskyldnargaranti | 20 460 | 8 194 | 18 600 | 2042 | 3) |
| Muritunet AS | Bygg | Sjølvskyldnargaranti | | 3 839 | | 2042 | 3) |
| Stift. Molde Int. Jazzfestival (T-28/10) | Bygg | Sjølvskyldnargaranti | | 10 720 | 12 240 | 2050 | 2) |
| Stift. Molde Int. Jazzfestival (T-28/10) | Bygg | Sjølvskyldnargaranti | | 4 095 | 8 160 | 2027 | 2) |
| Stift. Romsdalsmuseet (T-43/13) | Bygg | Sjølvskyldnargaranti | 81 675 | 33 871 | 50 000 | 2042 | |
| Stift. Romsdalsmuseet - Renteswap (T-43/13) | Bygg | Sjølvskyldnargaranti | 15 000 | 15 000 | | | |
| Norsk Tindesenter Eiendom AS (T-75/14) | Bygg | Sjølvskyldnargaranti | 11 000 | 8 914 | 10 000 | 2045 | |
| Tingvoll Økopark Eiendom AS (T-60/16) | Bygg | Sjølvskyldnargaranti | 2 500 | 1 982 | 2 250 | 2040 | |
| Vegamot AS (T-89/16) | Veg | Sjølvskyldnargaranti | 525 000 | 440 000 | 440 000 | 2030 | 4) |
| **Sum garantiansvar** | | | **1 171 535** | **596 553** | **933 850** | | |

Garantiar er gitt med inntil 10% tillegg for renter og omkostningar. Alle garantiar er godkjende av departementet.

1) Garantien er opphøyrd frå 21. januar 2022.

2) I sak T-28/10 blei det gitt ei total garantiramme på 82,5 mill. kroner (inkl. 10% tillegg for renter og omkostningar) for samla opplåning som A/S Regionteatret i Møre og Romsdal og Molde International Jazz Festival tek opp til finansiering

av sine eigardelar i Teater og jazzhuset i Molde (Plassen).

3) Opphaveleg lån er etter første låneopptak delt opp i to lån, med føremål om gjere om ein del av lånet til eit fastrentelån.

4) Fylkestinget vedtok i sak T- 89/16 å stille sjølvskyldnargaranti på 475 mill. kroner, (med tillegg av 10% av til ein kvar tid gjeldande hovudstol for dekking av renter og omkostningar, totalt 525 mill. kroner) for lån som bompengeselskapet tar opp til finansiering av Nordøyvegen. Garantien gjeld frå første opptrekk og gjennom innkrevjingsperioden på 20 år. Det er til nå gjort opptrekk på 422,5 mill. kroner.

**I tillegg har fylkestinget gjort følgjande vedtak om garantiar:**

Fylkestinget vedtok i sak T-16/18 å stille sjølvskyldnargaranti på 1 190 mill. kroner for lån som bompengeselskapet tar opp til finansiering av ny E39 Lønset-Hjelset. Garantien gjeld frå første opptrekk og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år.

Fylkestinget vedtok i sak T-32/19 (med påfølgande sak i fylkesutvalet U-147/20) å stille sjølvskyldnargaranti på 1600 mill. kroner med tillegg av 10 prosent av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av renter og omkostningar, totalt 1750 mill. kroner, til finansiering av bypakke Ålesund.

## Note 13 Bundne fond

(i 1000 kr.)

| Bundne fond | Behaldning 01.01.2021 | Avsetningar | Bruk av fond | Behaldning 31.12.2021 |
|---|---|---|---|---|
| **Bundne driftsfond** | | | | |
| SUTD - Permitt. og ledige utan fullført vgo - Covid19 (pr. 4087) | 15 092 | - 14 228 | - 2 671 | 26 649 |
| SNM - Fond kap. 551.60 midlar | 18 799 | - 78 297 | - 72 871 | 24 225 |
| SNM - Regional Forskingsfond | 5 125 | - 22 954 | - 17 447 | 10 631 |
| SSAM - Forsøksprosjekt TT | 7 836 | - 9 188 | - 7 419 | 9 605 |
| SNM - Vannforvaltning | 9 569 | - | - 64 | 9 505 |
| SNM - Interne tildelinga | 9 186 | - 401 | - 1 109 | 8 479 |
| SNM - Fond kap. 551.61 midlar | 10 406 | - 20 083 | - 24 051 | 6 437 |
| SKUL - Kultur - kultursekken | 8 264 | - 16 775 | - 18 692 | 6 348 |
| SKUL - Freda bygg og anlegg | 10 197 | - 4 359 | - 8 628 | 5 929 |
| SUTD - Molde Landslinje (2018) | 3 200 | - 2 692 | | 5 891 |
| SUTD - Utdanning - Tilskot til fagbrev på jobb (pr. 4090) | 3 685 | - 2 300 | - 116 | 5 869 |
| SNM - Marint miljøsikrings- og verdiskapningsfond | 5 567 | | | 5 567 |
| SUTD - Tilskot til utstyr i yrkesfagleg utd.program (2021) | | - 5 371 | | 5 371 |
| SUTD - Årets avgangskull skal fullføre vgo - Covid19 (pr. 4089) | 7 797 | - 4 788 | - 7 728 | 4 857 |
| SUTD - Fag og yrkesopplæring - Mobilitet (prosjekt 4067) | 4 424 | - 313 | - 7 | 4 731 |
| SKUL - Spelemidlar kulturbygg | 6 346 | - 3 626 | - 5 467 | 4 505 |
| SUTD - Utvida tilbod til de som ikkje får læreplass (pr. 2001) | | - 8 308 | - 4 000 | 4 308 |

| Bundne fond | Behaldning 01.01.2021 | Avsetningar | Bruk av fond | Behaldning 31.12.2021 |
|---|---|---|---|---|
| SUTD - Tilskot til tiltak for lærlingar Covid 19 (Pr. 4085) | 993 | - 3 913 | - 815 | 4 091 |
| SKUL - Spelemidlar anlegg | 956 | - 92 845 | - 92 803 | 997 |
| Øvrige bundne driftsfond | 76 591 | - 51 170 | - 54 019 | 73 742 |
| **Sum** | **204 035** | **- 341 610** | **- 317 908** | **227 737** |
| **Bundne investeringsfond** | | | | |
| Øyremerka statstilskot - ENOVA-midlar miljøfergeanlegg | 24 676 | | | 24 676 |
| Øvrige bundne investeringsfond | 2 344 | 9 583 | | 11 927 |
| **Sum** | **27 020** | **9 583** | **0** | **36 603** |

## Note 14 Sal av finansielle anleggsmidlar

Fylkeskommunen har i 2021 solgt følgande aksjar:

(i 1000 kr.)

| | Atlanterhavs-tunnelen AS | Runde Miljøsenter AS | Totalt |
|---|---|---|---|
| Innløysingssum | 2 080 | 200 | 2 280 |
| Inntektsført i driftsrekneskapen | | | |
| Inntektsført i investeringsrekneskapen | 2 080 | 200 | 2 280 |
| **Sum inntektsført salssum** | **2 080** | **200** | **2 280** |

Atlanterhavstunnelen AS blei oppløyst i 2021 som følge av at bompengeinnkrevjinga, som var selskapets verksemd, opphøyrde. Bokført verdi og kostpris på aksjane var på 2,050 mill. kroner. Restmidlane i selskapet er vedtekne nytta til delfinansiering av ny gang- og sykkelveg Bådalen-Vebenstad, i same område som bompengeinnkrevjinga. Det er i samband med dette utbetalt eit beløp til fylkeskommunen på 9,571 mill. kroner. Ved endeleg oppgjer av selskapet var det igjen ein restsum som blei fordelt på aksjonærane etter eigarandel, som for fylkeskommunen utgjorde eit beløp på 0,03 mill. kroner.

Eigarandelen i Runde Miljøsenter AS blei i 2021 redusert gjennom eit nedsal. Fylkeskommunen solgte 10000 av sine 20000 aksjar, til ein salspris på 0,2 mill. kroner. Bokført verdi og kostpris på aksjane var på 0,4 mill. kroner. Eigarandelen er redusert frå 40% til 20%.

## Note 15 Ytelser til ledande personar

(i 1000 kr.)

| Ytelser til ledande personar | Lønn og anna godtgjersle | Godtgjersle for andre verv | Tilleggs-godtgjersle | Natural-ytelser |
|---|---|---|---|---|
| Fylkeskommunedirektør | 1 450 | | | 4 |
| Ordførar | 1 243 | | | |

## Note 16 Godtgjersle til revisor

Fylkeskommunen sin revisor er Møre og Romsdal Revisjon SA

(i 1000 kr.)

| Godgjersle til revisor | Fylkes-kommunekassa |
|---|---|
| Revisjon | 2 583 |
| Rådgiving | 0 |
| **Samla godtgjersle** | **2 583** |

# Note 17 Resultatoppstillingar - tannhelsetenesta

Forutan å sørge for tannhelsetenester til prioriterte grupper iht. tannhelsetjenesteloven, behandlar tannhelsetenesta også vaksne betalande pasientar. Behandling av betalande pasientar skjer i konkurranse med privatpraktiserande tannlegar og skal ikkje være subsidiert av fylkeskommunen.

Tannhelsetenestas verksemd kan delast inn som følger:

a) Tannhelsetenester som tilbys helt eller delvis vederlagsfritt til prioriterte pasientar

b) Tannhelsetenester som tilbys vaksne mot betaling i områder der det ikkje føreligger anna tilstrekkeleg tilbod

c) Tannhelsetenester som tilbys vaksne mot betaling i områder med konkurranse frå private tannlegar

Gruppe b) er vurdert å ikkje vere aktuell for tannhelsetenesta i Møre og Romsdal.

Direkte utgifter er delt på grunnlag av kor stor del betalande pasientar utgjer av samla behandla pasientar. I 2021 var andelen 7,57 prosent. Øvrige utgifter er delt med utgangspunkt i kor stor del av netto driftsutgifter (utanom avskrivingar) tannhelse utgjer av netto driftsutgifter på rammeområda samla.

**Rekneskapssamandrag for dei ulike delane av verksemda**

(i 1000 kr.)

| | a) Offentleg tannhelse | b) Tenester av allmenn øk. betydning | c) Konkurranse-utsett |
|---|---|---|---|
| Direkte inntekter | 12 718 | | 13 429 |
| Direkte utgifter | 175 437 | | 14 371 |
| Henførte indirekte utgifter | 9 484 | | 322 |
| Kapitalkostnader | 7 736 | | 634 |
| **Resultat** | **- 179 939** | | **- 1 898** |

Året 2020 og 2021 har vore spesielle år, med covid19, periodar med stengde tannhelseklinikkar og auka smittevern. Dette er også ein del av årsaka til ei nedgang i andel betalande pasientar frå 9,07% i 2019 til 6,94% i 2020. Det har vore ei lita auke i betalande pasientar i 2021, opp til ein andel på 7,57%, men ikkje nok til å kome tilbake til ein normalsituasjon.

# Note 18 Usikre forpliktingar, betinga eigedelar og hendelser etter balansedagen

**Andre forhold**

Fylkesvegane i Møre og Romsdal har eit omfattande vedlikehaldsetterslep, og dette aukar behovet for investeringar og vedlikehald av fylkesvegnettet, samstundes som det blir utfordrande å drifte vegane på ein effektiv måte. Statens vegvesen har berekna vedlikehaldsetterslepet til å utgjere om lag 8,6. mrd. kroner (2019-kroner). Forfallet på

fylkesvegane vil fortsette å auke i åra framover og utgjere ei økonomisk utfordring. Særleg utgjer krav etter tunnelsikkerheitsforskrifta ein risiko. Forskrifta skal sikre eit minimum sikkerheitsnivå for trafikantar i tunnel, og fylkeskommunen har fått ein forlenga frist til å innfri krava til 31.12.2024. Totalkostnad knytt til gjennomføring av forskriftskrava er berekna til om lag 2,6 mrd. 2021-kroner, men det er berre planlagd utbetringar for totalt 820 mill. kroner i 2022-2025. Dette skuldast både manglande kapasitet og manglande finansiering. Manglande utbetring i samsvar med krava i forskrifta gir risiko for stengde tunnelar og at tida trafikantane må leve med avvik, manglar og svakheiter i tunnelane blir vesentleg forlenga. Dersom store delar av utbetringa må gjerast samstundes, for å innfri ein tidsfrist, vil dette kunne vere prisdrivande og dermed fordyrande for fylkeskommunen.

Tilskot til andre

Fylkestinget har gjort følgjande vedtak om å gi årlege driftstilskot til å dekke renter og avdrag til andres investeringar:

I sak T-13/09 er det gjort vedtak om å dekke renter og avdrag over 15 år (fram til 2025) på eit lån på totalt 30 mill. kroner, knytt til finansiering av kulturhuset Plassen for Teatret Vårt AS og Stiftelsen Molde International Jazz Festival. Tilskotet er begrensa oppad til 2,89 mill. kroner pr. år.

I sak T-43/13 er det gjort vedtak om å dekke renter og avdrag over 30 år (fram til 2042) på eit lån på totalt 48,5 mill. kroner, knytt til finansiering av museumsbygget Krona for Stiftelsen Romsdalsmuseet. Tilskotet dekker faktiske avdrag og renter, samt kostnadar til rentesikring, og det vart i 2021 utbetalt 2,2 mill. kroner.

**Hendingar etter balansedagen**

Det føreligg ikkje informasjon om forhold som eksisterte på balansedagen, eller hendelser etter balansedagen som er av ei slik betyding at manglande informasjon vil påverke rekneskapsbrukarens evne til å foreta korrekte vurderingar og beslutningar på bakgrunn av årsrekneskapen.

## Note 19 Spesifikasjon av vesentlege postar og transaksjonar

**Spesifikasjon av andre sals- og leigeinntekter:**

(i 1000 kr.)

| | **Rekneskap 2021** | **Budsjett 2021** | **Rekneskap 2020** | |
|---|---|---|---|---|
| Andre sals- og leigeinntekter: | | | | |
| Inntekter kantine, kost mv vidaregåande skule | 20 686 | 26 281 | 17 589 | |
| Inntekter elevarbeid mv vidaregåande skule | 1 873 | 1 238 | 2 091 | |
| Sal av kurs mv | 3 770 | 3 085 | 4 764 | |
| Husleigeinntekter | 13 351 | 17 945 | 13 826 | |
| Kollektivinntekter buss og hurtigbåt | 277 246 | 334 414 | 269 345 | 1) |
| Kollektivinntekter ferge | 384 041 | 375 404 | 330 084 | 2) |
| Ymse andre inntekter | 48 731 | 25 171 | 60 677 | |
| **Sum** | **749 698** | **783 538** | **698 376** | |

1) Kollektivinntekter buss og hurtigbåt består i hovudsak av sal av billettar til persontrafikk.

2) Kollektivinntekter ferge består av både persontrafikk og næringstrafikk.